

NVE
Postboks 5091 Majorstua
0301 Oslo
Att: Dag Kjellevold

Dykkar ref:
Dag Kjellevold

Dykkar dato:

Vår ref:

Arkiv:

Sakshandsamar:
Olav Osvoll

Dato:
1.7.2013

**Vedkomande konsesjonssøknad for Høgelida Kraft AS.
Reg. nr. 5782 , saksnr. 200902797.**

Vi viser til synfaring 11. juni på dette prosjektet. Under synfaringen kom det fram nokre opplysninger vi gjerne vil gjere betre greie for:

Movatnet: Konsesjonssøknaden er tufta på opplysningar henta ut frå kart. Under synfaringa hadde deltakaren frå SFE Nett med GPS utstyr som måler med få cm. nøyaktighet. Vedlagt ligg ved måledatane hans. Det viser seg at Movatnet ligg akkurat 2 m lågare enn vist på kart. Vasstanden denne dagen vart målt til 338,0 m som av lokalkjende vart oppfatta å vere alminneleg vasstand. Dette betyr at LRV bør setjast til 337,7 m.o.h. og HRV til 338,3 m.o.h. Vassføringa denne dagen vart vurdert å vere i overkant av 300 l.s.

Inntak: Av omsyn til fisken vart det nemt Coanda inntak. Vi har sett i gang planlegging av eit slikt inntak . Det ser ut til at ein kan få til ei løysing som tek i vare omsynet til både storlomen, og reguleringa av vatnet med 60 cm. Vi har fått opplyst at det i Norge berre er i drift eitt slikt inntak for småkraftverk, Dyrkorn, og eit anna er under montering i Nord Norge. Erfaringane hittil skal vere gode. Høgelida kraft AS ynskjer å opplyse allereie no at ein er innstilt på å installere eit slikt inntak. Vedlagt skisse frå Br.Dahl som viser ei mulig løysing med Coanda inntak på staden.

Kraftstasjonsplassering og vandringshinder for fisk: GPS målingane viser at terrenget der stasjonen er tenkt plassert ligg litt lågare enn som går fram av kartet. Under synfaringa konstanterte vi ein liten foss på eit par meters høgde i Movasselve som vi var samde om er eit vandringshinder for anadrom fisk. På grunn av tett skog fekk ein ikkje målt inn høgda nøyaktig på staden, men ein målte på vegen like ved. Vi fann ut at underkant foss ligg om lag på 136 m.o.h. ikkje på 143 m.o.h som vi anslo i kommentaren til innkomne merknader. Dette betyr at stasjonen kan plasserast ved vandringshinderet på kote. 136.

Med helsing

Sunnfjord Energi AS
Olav Osvoll

